

# Visitasedrag

ved visitasen i Leveld, Torpo og Ål, 17. mars 2024

Ved biskop Jan Otto Myrseth

## INNLEIING

Kjære vener

Takk for fine visitas dagar her i Leveld, Torpo og Ål. Frå fyrste stund har eg kjent meg heime her hos dykk, og gjestmildskapen eg har møtt er overveldande. Ålingar er rett og slett prega av sterk «Bu- og bli-lyst», som er namnet på eit treårig prosjekt i kommunen, og dette smittar over på gjestar som meg. Målet er at alle skal ha det bra og trivast. Ein skal kjenne seg sett, inkludert og respektert.

Ein visitas gir høve til å stanse opp og reflektere over kyrkjias plass i samfunnet og kyrkjelydens daglege arbeid, og saman drøfte målsettingar og strategiar.

Det er nokså lett vint å visitere Ål i 2024, om eg samanliknar med den reisa Stavanger-biskopen måtte legge ut på i mellomalderen - med båt inn Hardangerfjorden til Eidfjord, sidan på hesteryggen over Hardangervidda og ned Ustedalen, før han endeleg var på plass her i bygda.

Ål kommune har om lag 5000 innbyggjarar og er ifølgje Norsk Kulturindeks ei av «Norges desidert viktigste kulturkommuner» og har «en bredde og et omfang på kulturlivet som få andre kommuner i landet er i nærheten av». Etter teaterførestellinga «Stavkyrkja» var eg mektig imponert over både breidda og engasjementet, og eg må seie at timinga var særdeles god når dette programmet var lagt til same veka som bispevisitasen. Sjølv om bispen i stykket kanskje hadde ein litt framand profil sett med mine auge, vart teaterstykket ei stadfesting av kommunens posisjon og ry som kulturkommune.

Det same gjeld den folkemusikk-messa vi er saman om i dag, og som eg har hatt privilegiet av å oppleve og delta på eit par gonger før. Denne messa har blitt eit fyrtårn for samarbeidet mellom kyrkja og folkemusikk-miljøet langt ut over Ål sine grenser.

Det er ikkje berre på kulturfeltet Ål merker seg ut. Satsinga på helse er også eit kjennemerke, og dette bidreg til at det er ein god stad å leve for både unge og gamle.

### *Dei kyrkjeleg tilsette*

I løpet av visitasdagane har eg hatt samtalar med alle kyrkjeleg tilsette, og eg er imponert over det positive teamet staben utgjer. Dei er prega av stort mangfald, sterk motivasjon og engasjement, og brei kompetanse – og er svært stolte over både kyrkja og bygda!

## MEIR HIMMEL PÅ JORD

No vil eg prøve å samle inntrykka mine under dei tre hovudmåla i strategiplanen som Kyrkjemøtet vedtok for nokre år sidan, og som eg vil utfordre til at de arbeider vidare med både i soknerådet og i staben.

### 1. Kyrkja opnar rom for tru

Under visjonsoverskrifta «Meir himmel på jord» lyder den første målformuleringa «Kyrkja opnar rom for tru», og dette handlar ikkje minst om at vår oppgåve som kyrkje er å forkynne evangeliet til menneske gjennom heile livet, og fremje verdiar som utfordrar og som byggjer eit godt samfunn for alle. På den såkalla

### *Super-tysdagen*

fekk eg oppleve korleis Kyrkjestugu er blitt ein samlingsstad der mellom 25 og 50 ålingar møtest rundt middagsbordet kvar veke. Både små og store såg ut til å trivast, og dette er eit flott tiltak som gir unge familiar tilhøyrslø og senkar terskelen til å bli med på andre aktivitetar i kyrkjyas regi. Når den nye trusopplæraren er på plass, kan ein kanskje legge til fleire element som til dømes leik og formingsaktivitetar, song og enkle bibelfortellingar, lystenning og bøn, og utnytte dette som eit naturleg høve til forkynning og verdiformidling. Dette konseptet er ein veileigna plattform for å styrkje kyrkjelydens arbeid for både små og store.

Super-Tysdagen er eit viktig møtepunkt for fleire i staben, i tråd med intensjonane i Trusopplæringsplanen dykkar om at både tilsette og frivillige kan stå saman om trusopplæringsarbeidet i kyrkjelyden, utfylle kvarandre, gjere kvarandre gode og som eit samla team med ulike kompetanse vise kva kyrkja er.

Eg høyrer gode historier om kyrkjetenar og organist som har vore med på fisketur under BUK (Barnas Uke i Kyrkja), og dette understrekar gevinsten av å stå saman om ulike tiltak. Det er å vone at dette tiltaket blir realisert også denne sommaren.

Eit tilleggsmoment i denne samanhengen er at tiltak som Super-Tysdag ikkje er å betrakte berre som trusopplæring, men i aller høgste grad også som diakoni.

### *Babysongen*

høyrer også med i dette biletet. Kvar veke møtest mellom 8 og 14 babyar med sine foreldre - og somme gonger besteforeldre - til song og samvær i Kyrkjestugu, og dette er eit høgt verdsett tilbod. Erfaringsvis kan babysongen også bidra til at foreldre veljer å døype borna sine.

Sjølv om vi har hatt nokså tett pakka dagar denne veka, var det umuleg å rekke over alt. Eg skulle gjerne hatt tid til å besøkje Speideren, som også er ein viktig del av tilbodet til barn og unge på Ål.

### *Konfirmantarbeidet*

er det viktigaste enkelttiltaket i kyrkjyas ungdomsarbeid, og no nærmar det seg slutten på dette konfirmantåret.

Vi er glade for kvar enkelt konfirmant, men eg vil utfordre dykk til å tenkje grundig gjennom kva som skal til for å motivere endå fleire til å velje kyrkjeleg konfirmasjon. Informasjon og frimodige invitasjonsframstøyt er viktige i så måte, men også å gjennomtenkje rammene, opplegget og innhaldet i konfirmantåret.

Tunsberg bispedøme er akkurat no i startgropa for eit treårig konfirmantprosjekt, som eg vonar kan vere til inspirasjon og hjelp i den vidare satsinga på konfirmantsektoren også her på Ål.

De har allereie eit samarbeid om ein fellesdag for konfirmantane i heile prostiet, og eg vil utfordre dykk til å tenkje på om det er muleg å få til eit tilbod til dei unge også etter konfirmasjonen, eventuelt i samarbeid med andre kyrkjelydar i prostiet.

Vi har vore innom tanken om å få i gong ein ungdomsklubb. Kanskje kan fjorårskonfirmantar utfordrast til å vere medleiarar?

Det er ei utfordring at ein del ungdommar veljer å ta si vidaregåande utdanning utanfor bygda. Dette gjer det meir krevande å tenkje tilbod for ungdommar og unge vaksne, også med tanke på leiarkrefter.

### *Gudstenestene er pulsslaget i kyrkjelyden*

Både i møta med staben og i soknerådet har vi drøfta strategien for vidare satsing på gudstenestearbeidet. Folkemusikkmesse har vore ein suksess, og det er viktig å vidareføre denne.

Kanskje er tida no moden for ei særskilt satsing på barn og unge. Det er også eit ynskje om enkle kveldsgudstenester, kanskje i kombinasjon med eit kveldsmåltid. Eg utfordrar dykk til å halde fram samtalen om dei strategiske vala som er naudsynte. Det er ikkje lurt å gape over for mykje. I samtalen med soknerådet var det fleire som melde seg til dugnad for å «kakka tå dørterskelen», slik at fleire kan kjenne seg velkomne og heime i kyrkja, både unge og eldre.

### *Møte med Ål Normisjon*

Dette var også eit tema i samtalen med styret for Ål Normisjon, der vi var samde om at vi må gjere det vi kan for å stå saman om å nå ut til nye grupper og generasjonar. Då må vi kanskje legge usemje om det eine og andre stridstemaet til sides og sameine kreftene om det aller viktigaste.

Det er ikkje til å stikke under ein stol at somme av kyrkjemedlemene våre ikkje lenger kjenner seg heime på grunn av usemje med den vegen kyrkja har teke dei seinare åra både nasjonalt og lokalt. Det er ei smerte for oss alle når nokon melder seg ut. For meg som biskop er det ei viktig oppgåve å oppmuntre til at vi må halde saman sjølv om vi er usamde om ulike teologiske spørsmål. Oppdraget vi har fått om å forkynne evangeliet og gjere læresveinar har fyrste prioritet, og så må vi øve oss i å respektere kvarandre og samarbeide så godt vi kan. Verksemda på norske bedehus har vore ein vesentleg del av kyrkjebiletet i Noreg gjennom snart to hundre år, og eg trur at både kyrkja og bedehuset taper om vi går i kvar vår retning.

Eg vil oppmuntre til at denne samtalen førast vidare både i soknerådet og med Normisjon.

### *Soknerådet*

Ål har tre sokn, tre soknekyrkjer og tre kyrkjegardar, men frå 2023 har ein ei fast ordning med eitt felles sokneråd. Det er eit godt utgangspunkt for å tenkje samarbeid og ein felles strategi for lokalkyrkja i Nordbygdene, Torpo og Ål. Soknerådet sit med ei nøkkelrolle i kyrkjelyden, og det gjer inntrykk å merke det sterke engasjementet rådsmedlemene har for ei levande og nærverande folkekyrkje. Eg ynskjer dykk lykke til med det vidare arbeidet for å meisle ut ein god strategi og ein realistisk handlingsplan for denne rådsperioden.

### *Misjon*

Å vere kyrke er å vere eit håpsteikn i verda midt i lokalsamfunnet.

Misjon er ei viktig side ved alt kyrkjelydsarbeid, og som det er lange tradisjonar for på Ål. I det lokale misjonsrådet sit representantar for Normisjon, Himalpartner, Det Norske Misjonsselskap (NMS) og Den norske kyrkja. I perioden 2021-2024 er det avtale om eit misjonsprosjekt gjennom NMS på Madagaskar. Dei siste åra har det årleg vore samla inn om lag kr 100 000,- til misjonsprosjektet.

I møtet med soknerådet vart det også understreka kor viktig det er at samarbeidet om eit misjonsprosjekt kan gi inspirasjon til det lokale kyrkjelydsarbeidet.

Det andre punktet på kyrkjas strategiplakat lyder:

## **2. Kyrkja er der livet vert levd**

Dette handlar om å styrkje kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar. Under denne overskrifta vil eg først gi eit glimt av eit høgdepunkt under visitasdagane, nemleg besøket på Torpo skule.

### *Samarbeid med skulane*

Vi var førebudde på at mykje av programmet for dette besøket ville foregå utandørs, og slik vart det. Flagget var heisa til topps, og elevar og lærarar stod klare til å ta imot oss. Biskopen fekk overrakt ei flott gåve, som viste seg å vere ei slags ordliste til hjelp for å kunne kommunisere forståeleg med tørpingar.

Her står det om «gapakøyring» og at «Dæ æ seigt å pela kanteføll», at «detta gikk ravint», og «han vart 'kji helsemeniskji att», «ho va trøten i føto» og «Ko te føslu ska e ha på meg?»

Så fekk vi vere med å danse Macarena, og det vart servert pølser og lappar, før vi fekk omvising på skulen av elevar frå dei ulike trinna, som tydeleg røpa kor stolte dei var av skulen sin.

Besøket på Torpo skule vart ei stadfesting av det gode samarbeidet som er mellom skule og kyrkje her i kommunen, og eg vil oppmuntre til at de held fram den gode dialogen med skulane. Dette samarbeidet skjer på andre premissar enn for nokre tiår sidan, men framleis er kyrkja ein viktig ressurs for skulen som ein sentral institusjon i lokalsamfunnet.

### *Kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar*

Kyrkjens kulturarv er tett samanvevd med heile nasjonens historie – og historia til alle norske stader. Den vedkjem og tilhøyrer alle. Kulturarven gir djupne til gudstjenesteliv og liturgi, oppleving av rom og stader, og gir tilhøyrslø. «*Viss ein ikkje kjenner fortida, forstår ein ikkje notida og eignar seg ikkje til å forme framtida*», skreiv den franske forfattaren og filosofen Simone Weil. Dette handlar om å forstå oss sjølve, kven vi er, kvar vi kjem frå, og om å reflektere rundt verdiane våre og eksistensen vår.

Kyrkjebygga og ikkje minst stavkyrkja på Torpo, samt stavkyrkjetomta og Ål-taket i Ål kyrkje er viktige ressursar for både trusopplæring og skule/kyrkje-samarbeid. Tradisjonen med skulegudstenester til jul kan også vidareførast i eit meir mangfaldig samfunn, så lenge skulen legg til rette for gode alternative opplegg for dei elevane som ikkje vil delta.

### *Etter skuletid*

Eg har høyrte mange godord om opplegget Etter skoletid, med tilbod om leksehjelp, takka vere innsatsen til både tilsette og frivillige, både på Kyrkjestugu og kyrkjekontoret. Dette sprang ut av Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA), og det er eit sterkt ynskje frå både kyrkja og kommunen at dette tilbodet kjem tilbake, når ein har ressursar til det. Tilbodet er lagt på is i påvente av ny trusopplærar.

### *Fram mot det store kyrkjejubiléet*

2030 er året for det store jubiléet for kyrkja i Noreg, knytt til Heilag-Olavs død på Stiklestad. Men dette jubiléet fell også saman med eit mindre jubileum, sidan det det same året er 150 år sidan alle dei tre soknekyrkjene vart reiste. Av dei tre kyrkjene er det Leveld kyrkje som ser ut til å ha behov for særlege løyvingar til vedlikehald i åra fram mot 2030.

Med eit så positivt og velfungerande samarbeid mellom kommune og kyrkje har eg tru på at dette kjem på plass. Programmet under visitasdagane fekk ei svært god avslutning med trerettars middag med kommuneleiinga, stelt i stand og servert av ukrainske deltakarar på kommunens Introsenter.

### *Ål kulturhus*

er blitt heile bygdas storstove og rommar ei imponerende vifte av tilbod og aktivitetar. Kyrkja i Ål har lange og gode tradisjonar for samarbeid med kulturlivet i kommunen, og under visitasen fekk vi eit godt møte mellom kyrkja og den nye kulturhussjefen Margit Åsarmoen. Her fekk vi drøfta mulege samarbeidsformer og -flater og sett nærare på det gjensidige mulegheitsrommet.

Kulturhuset fekk ei sterk rolle i folks medvit då ekstremvêret Hans råka Ål. Då vart huset fylt av evakuerte turistar og fastbuande. Midt i det håplause fann soknepresten ut at ein kunne arrangere ei kulturvandring innom Nesch-muséet, Stavkyrkjemuséet og Ål kyrkje. Han fekk med seg gode lokale krefter slik at ein kunne guide både på norsk, tysk og engelsk.

### *Tanken co-working*

Eit anna høgdepunkt var besøket på det gamle meieriet, der Tanken coworking no held til. Desse lokala er pussa opp til eit moderne kontorbygg med private kontor og eit ope kontorlandskap. Målet er å skape eit sosialt og kompetanserikt fellesskap for privatpersonar, gründarar og bedrifter.

Ål har eit godt ord på seg for å legge til rette for folk med gode idéar og vilje til å satse. Når den energiske gjengen som held til i det gamle meieribygget presenterte seg, vekke det ekstra begeistring då fylgjande overskrift dukka opp på skjermen: «Meir himmel på Ål». Og ja, kvifor ikkje? Vår lærefader Martin Luther gjorde eit stort poeng av at kyrkja må kunne samarbeide med alle menneske av god vilje i skapinga av gode levekår og eit godt liv. Dei dugnadsvillige unge mennene (og ei og anna kvinne) er opptatt av å skape noko saman for seg sjølv og for andre, og finne gode løysingar i lag. Dei søkjer å utnytte kvarandre sin ulike kompetanse og inviterer til eit ope og innovativt fellesskap. Dei legg for dagen eit sterkt samfunnsengasjement og har syn for næringsutvikling. Både musikkfestivalen SundreBall og sykkelfestivalen Huckfest Bike Festival er ektefødde born av dette arbeidsfellesskapet. Kanskje kan det opne seg spennande samarbeidsmulegheiter for kyrkja i forlenginga av dette møtepunktet under visitasen.

### *Kyrkje utanom kyrkjehuset*

Ein av dagane hadde vi eit særleg blick på utfordringar knytt til turistlivet i Ål. Vi besøkte Vats fjellkyrkje, der vi fekk ein god presentasjon av fjellkyrkjas historie, arbeid, profil og målgruppe. Både der og i samband med besøket på Bergsjøstølen fjellstue fekk vi høve til å drøfte kva mulegheiter kyrkja har for å nå ut til andre enn dei som kjem til vanlege gudstenester og andre tilbod i kyrkjene. I Fjellkyrkja er det regelmessige sportsandakter og gudstenester, og hytteålingane set stor pris på dette tilbodet og stiller gjerne til dugnadsarbeid. Vi samtalte om mulegheita for at her kan det også arrangerast retreatar og liknande samlingar. Kyrkja vil gjerne vere tilgjengeleg der folk er, og på sett og vis fyller fjellkyrkja ei tilsvarande rolle som sjømannskyrkjene har i utlandet. Fjellpresten Vetle Styve Sæbø deltok også i desse drøftingane, og eg ser fram til å høyre meir om korleis kyrkja sitt tilbod kan vidareutviklast.

## 3. Kyrkja er meir for fleire

Kyrkjias diakoni er kanskje den aller viktigaste brubyggaren mellom kyrkja og samfunnet. Det foregår eit omfattande diakonalt arbeid i Leveld, Torpo og Ål sokn, mykje takka vere frivillige. Det er formiddagstreff i Ål og på Vats bedehus med stor oppslutning og eit rikt program gjennom året. Diakonen legg til rette for at det kvar veke er andakt på Ål helsetun / Kårstugu, og kvar månad er det nattverdgdusteneste her. I samband med visitasen fekk eg høve til å vere med på ei slik gudsteneste, etter at vi også hadde ein meningsfull samtale med leiarar for kommunens helseteneste om den åndelege og eksistensielle omsorgen for dei som er i denne fasen av livet. Det var veldig oppmuntrande å sjå kor godt det fungerte med den fine nattverdsamlinga med mykje musikk, leia av diakon Line. Besøket på sjukeheimen ga meg eit tydeleg inntrykk av at det er godt å bli gammal i denne kommunen, og kyrkja bidreg på ein avgjerande måte til eit godt liv heile livet for ålingane.

### *TID-stiftinga*

Eit anna høgdepunkt i visitasprogrammet var besøket på Tid kafé og landhandel. Dette er eit ektefødt barn av kyrkjelydens diakonale verksemd. Dåverande diakon Hilde Kirkebøen lanserte spontant idéen om eit slikt tiltak i eit møte med representantar for Ål kommune. Over bordet fekk ho tilsagn om hundre tusen kroner til ein dagleg leiar for ein slik kafé. Seinare skulle dette vise seg å utløyse ein million kroner i støtte frå Dam-stiftinga, og seks-sju år seinare har verksemda vakse til eit svært levedyktig tilbod.

TID-stiftinga er ein ideell aktør som i samskaping med offentleg, privat og frivillig sektor bidreg til å identifisere behov og gi treffsikre tiltak. Dette handlar om ein draum som er blitt til røyndom, og sidan starten har meir enn hundre menneske fått arbeidstrening og starthjelp til eit meningsfylt arbeidsliv.

TID står for Tillit, Inkludering og Deltaking, som er metodens tre utviklingstrinn. Nyankomne flyktningar får ei effektiv innføring i norsk språk og arbeidsliv. Takka vere skolematprosjektet får ungdom hjelp til å fullføre skulegangen sin, og personar i NAV-tiltak blir aktiviserte og får arbeidstrening.

Verksemda i TID har vekt interesse og vore til stor inspirasjon langt utanfor grensene for Ål kommune.

### *Kyrkjas familievernkontor 25 år*

Eit anna tiltak som har vakse ut av lokalkyrkjas diakonale satsingar er det lokale familievernkontoret, som i år markerer sitt 25-årsjubileum. Eg vil gjerne nytte høvet til å gratulere familievernkontoret med jubiléet og ynskje lykke til vidare i dette viktige arbeidet.

### *Formiddagstreff*

På onsdag fekk eg høve til å vere med på formiddagstreffet som diakoninemnda for Leveld og Vats inviterer til på Vats bedehus. Denne samlinga betyr mykje for dei som deltek, og tilsvarande samlingar vert også avvikla i kyrkjestugu i Ål med stor oppslutning og eit rikt program gjennom året.

### *Diakoniutval*

For øvrig vil eg utfordre dykk til å arbeide med strategien for det diakonale arbeidet, når det no er komen ein ny medarbeidar i diakonstillinga. Viss diakonien skal halde fram å vere nyskapande og vidareføre den innovative satsinga, må ein våge å reise spørsmåla om kven som no står utanfor fellesskap, og kva som er dei mest påtrengande behova i vår tid, slik at kyrkja kan vere meir for fleire.

For meg synast det naturleg å utnytte dei gode erfaringane frå felles sokneråd til også å sjå på korleis ein kan styrke samhandlinga over soknegrensene innanfor både diakoni og trusopplæring. Kanskje er det no tid for å tenkje ei felles diakoninemnd/-utval for alle dei tre sokna, tilsvarande slik soknerådet no er organisert. Då er det sjølvsagt at alle tre sokna er representerte i det nye utvalet.

### *Kyrkja vår - samla plan for arbeidet i soknet*

I denne samanhengen vil eg nytte høvet til å tilrå at de tek i bruk det nye verktøyet *Kyrkja vår – samla plan for arbeidet i soknet*. Dette vil kunne vere eit viktig hjelpemiddel til å sjå dei ulike planane og delane av kyrkjelydens verksemd i samheng.

### *Ein mangfoldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og frivilligarena*

Mangfald kan gi glede, men kan også medføre utfordringar. Desse dagene har vi snakka mykje saman både på tomannshand, i staben og med soknerådet om korleis samspelet kan bli best muleg, på trass av usemje om teologi og arbeidsformer. Kyrkja er ikkje eit politisk parti med full semje om alle punkt i partiprogrammet. Kyrkja er ei organisme, ein kropp, og det er viktig at dei ulike kroppsdelane kan samspele for at kroppen skal fungere. Det er viktig å møte kvarandre med openheit og tillit, snakke direkte med kvarandre om det som er vanskeleg, og heile tida leite etter korleis relasjonane og samarbeidskulturen kan styrkast. Eg vil oppmode til at denne samtalen førast vidare.

Til slutt vil eg oppsummere utfordringane mine i nokre punkt.

## UTFORDRINGAR

1. Sjå kva som kan gjerast for å styrke **rekrutteringa** av 14/15-åringar **til kyrkjeleg konfirmasjon**
2. Samtal vidare om kva som skal til for å **høvle ned tersklane** og opne vegen til det kyrkjelege fellesskapet for fleire enn dei som nyttar det i dag.
3. Legg til rette for **breidde og variasjon i gudsteneste- og fellesskapstilboda** i kyrkjelyden. Kanskje er det no rett tid for å satse på **gudstenester og andre tilbod særleg tilrettelagt for barn og unge**.
4. Samtal vidare i sokneråd og stab og med Normisjon om korleis ein saman kan **nå lenger ut** med evangeliet.

5. Arbeid med å styrkje det kyrkjelege arbeidet retta mot **hyttefolk og turistar**
6. Med bakgrunn i dei gode erfaringane med eitt felles sokneråd ber eg dykk drøfte korleis de kan **styrkje samhandlinga over soknegrensene** både når det gjeld trusopplæringa og diakonien
7. Ta i bruk «**Kyrkja vår – samla plan for arbeidet i soknet**» som reiskap for kartlegging og strategisk arbeid
8. Gjer ei kartlegging av **diakonale utfordringar**, og tenk gjennom kva for prioriteringar som er naudsynte

## TAKK

Til slutt vil eg igjen takke hjarteleg for gode visitasdagar, for eit flott visitasprogram og alle gode opplevingar undervegs. Takk for den store innsatsen de alle gjer i kyrkjelyd og lokalsamfunn. Takk til alle som har medverka administrativt og praktisk, kunstnerisk og musikalsk, og på andre måtar. I førebuingane og undervegs i visitasen har eg hatt god hjelp av medarbeidarane på bispedømekontoret, og ikke minst prost Sveinung Hansen og diakonirådgjevar Astri Olga Tretterud. Ei særleg takk til desse to.

Tunsberg bispestol, 17. mars 2024

Jan Otto Myrseth